

03.05.2018



Båtruta Geitanger-Knappskog

Dialogmøte 26. April 2018, Fjell kommune og Skyss

Agenda

- Bakgrunn for møtet
- Vidare politisk prosess i Hfk
- Informasjonsutveksling kring faktagrunnlag
- Drøfting alternative løysingar for vidareføring

Bakgrunn for saka

Oppfølging av vedtak fylkestinget, handsaming fylkesbudsjettet 2018:

«Båtruter

Fylkestinget bed rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.»

Vidare prosess

- Politisk sakshandsaming før sommaren
 - MISA 6. juni og FUV 21. juni
- Referat frå møter med kommunane vert lagt ved saka

Geitanger-Knappskog



Avtale om båtrute Geitanger-Knappskog

- Fylkeskommunen har hatt avtalar om båttransport langt tilbake i tid. Per i dag ikkje klart å finne svar på nøyaktig kor lenge.
- Inneverande avtale med dagens løyvehavar vart inngått i juni 2008 for 10 år - forlenga ut året.
- Dagens avtale kan ikkje forlengast ut over det som er gjort.
 - Transporttenesta må konkurranseutsetjast.
 - Med konkurranseutsetjing vil prisen forventast å stige.

Tilbodet

- 1 km strekning Knapskog kai-Geitanger kai
- Hovudsak bestillingsruter – kvar dag heile veka
- Nokre faste avgangar fredag-sundag

Operator har tidlegare meldt om at er det store variasjonar i kor vidt bestillingsrutene blir utført:

- bestillingsturen på søndagsruta har blitt utført kvar søndag i vinterhalvåret 2016.
- Mai 2016 - 50 % av bestillingsrutene gjennomført.
- Juli 2016 – 74 % av bestillingsrutene gjennomført.
- Oktober 2016 – 35 % av bestillingsrutene gjennomført.
- Januar 2017 – 85 % av bestillingsrutene gjennomført.

Sommarrute (01.05-30.09.2017):

- 3 moglege bestillingsruter tur/retur, man – onsdag
- 2 moglege bestillingsruter tur/retur, torsdag
- 2 faste avgangar og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, fredag
- 1 fast avgang og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, laurdag og søndag

Vinterrute (01.10.16–30.04.2018):

- 3 moglege bestillingsruter tur/retur, man – onsdag
- 2 moglege bestillingsruter tur/retur, torsdag
- 1 fast avgang og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, fredag
- 1 mogleg bestillingstur tur/retur, laurdag og søndag

Passasjergrunnlag

- 2015: 2 229 passasjerar
- 2016: 2 041 passasjerar
- 2017: 2 062 passasjerar
- Ingen skuleskyss
- Rundt 5 fastbuande, i tillegg fritidsbustader
- Operatør opplyste i 2016 om 1-2 faste reisande

Økonomi

- Årleg tilskott fylkeskommunen: 430 000 kr
- Billettinntekter tilkommer operatør
- Rekneskap 2016 (små variasjonar frå 2015):

Totale driftsinntekter:	ca. 520 000 kr
<u>Totale driftskostnader:</u>	<u>ca. 390 000 kr</u>
Årsresultat etter skatt:	ca. 86 000 kr
- Avtalar med andre (informasjon frå operatør):
 - FjellVar AS – innhenting av boss m/traktor på Geitanger, transport til Knappskog
 - Posten
 - Bestillingar frå BKK, kommunen, andre

Fylkeskommunen sitt ansvar

- Fylkeskommunen har ansvar for å utføre skuleskyss i samsvar med Opplæringslova
 - 1 skuleelever har behov for transport mellom --- og --- x dager per mnd
 - Gjeld berre når skuletransportbehovet faktisk er der – dei aktuelle skuledagane og tider knytt til skulestart- og slutt
 - Såkalla «forsytarskyss» kan vurderast – kompensasjon til føresatte for eigentransport av skuleelever
 - Eigentransport ved skulekjøring vert i utgangspunktet godt gjort med Helfos km-satser og med ein minstepris på 75,- pr. tur.
 - Ved båttransport er det inngått egne avtalar som gir høgare sats pr. tur. Avtalane vert inngått individuelt med kvar skyssutøvar.

Vedtekne føringar for kollektivtilbodet


Kollektivstrategien for Hordaland, vedtatt fylkestinget 2014:

«I områder der trafikkgrunnlaget er for lite til å forsvare eit ordinært rutetilbod, er det likevel eit samfunnsansvar å ivareta eit rimeleg nivå av mobilitet for befolkninga – utan bruk av bil. Spørsmålet er kva eit rimeleg nivå for tilbodet bør innebere. I tillegg til sjøve trafikkgrunnlaget vil økonomi, til dømes tilskottssandel, vere del av rammene for prioritering. Skyss har per i dag ikkje definert klare kriterier og måltal for nivå på grunntilbodet, men ser behovet for å utvikle forutsigbare føringar.»

Transportplan båt Hordaland, vedtatt fylkesutvalet november 2017:

- «Marknadsgrunnlaget er utgangspunkt for utvikling av tilbodet, men og omsynet til faktiske reisebehov, reisealternativ og kostnader. Det er ikkje nedfelt minstestandard for kollektivtilbodet i fylket, og ulike faktorar vil inngå i vurderingane. Grensene for minimum trafikkgrunnlag og maksimum tilskottssandel vil ikkje vere absolutte. Det vil likevel vere naudsynt i nokre tilfelle å dra ei grense for kva som skal falle inn under oppdraget til Skyss når det gjeld kjøp av transporttenester.

Øyar og veglause stader i tilknyting til sjø, med svært få busette, vil ikkje automatisk utløyse eit båttilbod med fylkeskommunal tilskott. Også kommunane kan ta ansvar for at grunnleggjande transportoppgåver vert utført, som levering av post og varer. Offentleg betalt transport bør i slike tilfelle samordnast med tanke på tilbod og finansiering..»



Andre oppgåver som båttransporten vil kunne dekke

- Offentlege
 - Post
 - Renovasjon
 - Brannvern
 - Helsetenester i heimen
 - Ambulanse
 - Pasienttransport
 - Veterinær
 -
- Kommersielle oppdrag
 - Tele
 - Straum
 - ...

Rutetilbod – ulike løysingar

- Kommunen vidarefører og anbodsutsetjer
 - Definerer rutetilbodet og har ansvar for finansiering
 - Fylkeskommunalt tilskott kan søkjast
 - Døme andre fylke:
 - Ørsta kommune, Møre og Romsdal «Signalrute Hjørundfjorden»
 - Tysvær kommune, Rogaland «Borgøysskyssen»
 - Selje kommune, Sogn og fjordane «kombinasjon turist/-skulerute»
- Kommunen driftar ruta i eiga regi
- Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen om rutetilbod og finansiering

Døme Tysvær kommune, Rogaland

- Børgøy i Tysvær kommune – 13 fastbuande i 2016 pluss ca. 30 fritidsbustader
- Frå 2010 hadde kommunen i samarbeid med Kolombus ein avtale med Hugaland Skyssbåt as om å betene sambandet Steinsvik-Borgøy.
- Grunnlaget for medfinansiering frå Kolumbus falt bort frå hausten 2014, då det ikkje lenger var elevar med rett på skuleskyss på øya.
- Tysvær kommune overtok ansvaret for finansiering av tilbodet, men søkte om driftstønad frå 2015.
- Har mottat støtte frå fylkeskommunen sidan 2015 (kr 200 000). Frå 2016 ein tre-årig avtale om kr 300 000 per år.